

**Einar Økland**

## **NY VURDERING AV BILBELTET**

Epistel skreven for NRK, seinare trykt på motorsida i lokalavisa (Haugesunds Avis, 13. juni 1979). Også trykt i Kalleberg, K. og Kleiveland, A. (red.), 2010: Sakprosa i skolen. Bergen: LNU/Fagbokforlaget.

Bruken av bilbelte har gripe om seg. Femtito prosent – meir enn halvparten! – av alle som køyrer bil brukar nå bilbelte. Frå offentleg hald er bilførarane blitt oppmuntra til å bruka bilbelte. Og meir og meir er det no blitt klart at bilbeltet sparer liv. Bilar kan no køyre borti gåande folk, skjere utfor vegen, bråstoppe, velte mm. og bilen kan bli totalt ramponert, men føraren overlever. Forsikringa set han i stand til å kjøpe ein ny bil, og i verste fall er han på vegen att som bilfører etter eit kortare sjukehusopphald. Ofte er han der dagen etter bilhavariet.

På denne bakgrunn er det at det offentlege må spørje: Bilbeltet sparer liv, javel – men kven sine liv er det som blir sparde? Og svaret er dessverre lett å finne: Dei trafikkfarlege bilførarane sine liv er det som oftast blir sparde takka vere den utbreidde bruken av bilbelte. Primærfunksjonen til bilbeltet er å berga livet til ulykkesjåføren. I praksis har samfunnet gjennom lovverk og trafikkopplæring m.v. vore av den oppfatning at akkurat hans liv var ekstra verneverdig.

Men også meir private interesser som til dels dei interessene bilfabrikkane står for, har sett det slik. Ulykker der materiellet blir skadd, men føraren overlever, aukar nemlig det totale bilforbruket. Hadde Norge produsert bilane sine sjølv, kunne dette synet vore eit samfunnsyn ein måtte stø opp om, men i dag er det slik at Norge er importør av bilar. Det stiller saka i eit anna lys.

Offisielt fører vi ein trafikkpolitikk som går ut på å verne barn, syklistar og gåande folk, såkalla mjuke trafikantar, men bilbeltebruk står i skarp motsetnad til denne politikken. Bilbeltet gir eit vern og ei kjensle av tryggleik til bilføraren og det gjer såleis at han som hard trafikant blir endå hardare og meir usårleg. Med si større overlevingsevne kan han nå meir risikofritt køyre ned mjuke trafikantar og/eller ramponere køyretøya til konkurrerende bilistar.

Dette står i sterk motsetnad til det som ville ha skjedd – om ein ser på dei statistiske sjansane – dersom vi ikkje hadde hatt den nåverande utstrekke bruken av bilbelte: Dei trafikkfarlege bilistane ville då etter ei tid ha utrydda seg sjølv – eller dei ville ha slutta å vere trafikkfarlege på andre måtar. Frå samfunnssynstad ville dette vere det ideelle. Ser ein på ugiftene til eit sykehusdøger – døgerprisen er ca kr 1.000 – og jamfører denne med den eingongsutgifta trygdekantoret betaler til familien for ei gravferd, ca kr 2.000, er det klart det fell billigast om desse bilistane berre forsvinn. Ein vil etter ei tid også finne at desse sjølvutryddingshendingane har ein viss dempende verknad på køyringa til andre bilistar, slik at trafikken generelt vil avta. Dette vil føre til ein nedgang i bensinforbruket. I desse energispartetider er det ein allment ønskjeleg verknad. Vel så viktig er likevel den nasjonaløkonomiske verknaden av at den valutakrevjande bilimporten vil gå drastisk ned i takt med bortgangen av bilistar som havarerer el.l. utan bilbelte.

Nøkternt vurdert, d.v.s. vurdert ut frå dei verdiar alle lag i samfunnet har akseptert, slike som trygg trafikk, sparing av liv, sparing av energi og sparing av valuta, har det vore eit stort og alvorlig mistak å innføre bilbelte i Norge. I røynda har vi skipla sjølv økobalansen på vegane når vi har tillete bruk av bilbelte. Det er som om samfunnet skulle ha vedteke at alle brotsmenn heretter skulle få status som utanlandske diplomatar og altså vere straffefrie. Det er ein farleg immunitet mot trafikkskader vi har innført på denne måten.

Ein fornuftigare ordning ville vere at ein måtte ha dispensasjon for i det heile å få bruke bilbelte, som t.d. når samfunnsmessige nytteomsyn tala for det.

Men generelt må det bli forbode å bruka bilbelte. Og det må innførast kraftige straffereaksjonar mot dei som bryt forbodet. Berre på den måten kan ein få sanert den farlege trafikken og sløsinga med liv og ressursar som følgjer med denne. Bilbeltet må bort.